



## Statens vegvesen

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:  
18/40360-2

Dykkar referanse:

Vår dato:  
21.03.2018

### Uttale til dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel – Gnr. 54 bnr. 12 – Meland kommune

Vi viser til søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for nytt våningshus på eigedom gnr. 54 bnr. 12 i Meland kommune, samt frådelling av eksisterande våningshus.

#### Om søknad

Bakgrunn for søknad er ønskje om busetting og oppstart av gardsdrift på Husebø. Eksisterande våningshus ligg på motsett side av kommunal veg i høve til driftsbygning, og vert vurdert som lite hensiktsmessig. Tiltakshavarane ønskjer difor å dele frå eksisterande våningshus.

I følgje søknaden vil naboeigedom bnr. 43 verte tilbakeført til bnr. 12 (søkjjar) dersom dagens våningshus vert frådelt, slik at bnr. 43 ikkje vert bebygd. Tal på eigedomar i området vert såleis ikkje endra, men det vert ein bebygd eigedom meir.

#### Om eigdommen

Eigdommen ligg på Husebø, nordaust på Holsnøy. Området er uregulert, men er sett av til LNF-føremål i kommuneplanens arealdel. Eigdommen har tilkomst via kommunal veg Husebøvegen til fv. 249 Skjelangervegen. Det er Meland kommune som skal vurdere løyve til avkjørsle.

Vår vurdering

Busetnad i Husebø-/Skjelangerområdet ligg langt frå næraste lokalsenter og skuleområde. Ny busetnad vil difor i stor grad vere bilbasert. Vi ber Meland kommune ha dette med i si vurdering i saken. Utover dette har Statens vegvesen ingen særskilte merknader.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Marianne Skulstad  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*